



Bjørsvik Båtlag v/ Helge Blåsternæs
Bjørsvikvegen 9
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/939 - 19/14126

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:
07.05.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 231/70 Bjørsvik

Tiltak: Utviding av eksisterande flytebrygge
Byggjestad: Gbnr: 231/70
Tiltakshavar: Bjørsvik Båtlag v/ Helge Blåsternæs


Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.03.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. I søknadssjemaet har dykk opplyst at det vert søkt om dispensasjon i frå plan- og bygningslova og i frå arealplan. Vi kan derimot ikkje sjå at det er sendt inn ein dispensasjonssøknad. En dispensasjon må søkast om og grunngjevast, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Etter vår gjennomgang av søknaden har vi funne at de er behov for dispensasjon i frå kommuneplanens arealdel (KPA) § 1.10 for byggegrense mot sjø, og § 6.11 for krav om reguleringsplan. Bilete under synar byggegrense mot sjø i KPA 8 (rød strek).



2. Dei naboeigedommane som ligg på motsatt side av Bjørsvika må også nabovarslast, då dei vart påverka som gjenbuarar. Vi har lagt ved ei varslingsliste over egedommar som må varslast. Vi gjer merksam på at dispensasjonssøknadane også må nabovarslast på samme måte. Dei eigedommane som allerede er varsla, må også varslast om dispensasjonssøknadane.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.06.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandler

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Utvida nabovarsling Bjørsvik Båtlag

Mottakarar:

Bjørsvik Båtlag v/ Helge Blåsternæs Bjørsvikvegen 9 5993

OSTEREIDET